


KOMMUNESTYREKANDIDATAR

1




Torill Einara
Nerbøvik

2



Kjetil
Illestad

3



Rune Stig
Skeide

4



Benjamin
Blomvågnes

5



Iselin
Nerbøvik

6. Ole Anton Storbakk Skeide, 7. Odd Kåre Askeland, 8. Svein Gustav Gundersen,
9. Amund Myklebust Oksavik, 10. Ann Elin Leikvoll



Dei fire neste åra vil Aukra Senterparti prioritere:

Samferdsel for framtida
Beredskap nær deg
Trygge rammer for barn og unge
Næringsssatsing og -utvikling
Bulyst og blilyst



NÆR FOLK

i heile
AUKRA

POLITIKKEN VÅR –

For heile Aukra:

AUKRA SOM EIGEN KOMMUNE

Vi seier nei til tvang, og ja til lokalt sjølvstyre.

Vi i Aukra Senterparti er trygg på at Aukra kommune står stødig som eigen kommune, no som i framtida.

SAMFERDSEL FOR FRAMTIDA

Vi i Aukra Senterparti held fram med arbeidet for å sikre Kjerringsundet som vår fastlandsløysing, men fram til den er realisert skal vi sikre at...

- fergeavgangane ved begge våre samband vert styrka, ikkje redusert.
- kollektivtilboda skal møte behovet i heile kommunen.

BEREDSKAP NÆR DEG

Vi i Aukra Senterparti vil behalde beredskapstenestene der vi bur, og vi vil arbeide for...

- bemanna legevakt på Gossen
- god fastlegedekning
- påliteleg jordmorteneste
- styrka brann- og redningsteneste
- synleg og tilgjengeleg nærpoliti
- sikra veterinærvakt

TRYGG I ALLE LIVSFASAR

Vi i Aukra Senterparti vil arbeide for trygge lokalsamfunn for alle aukrainnbyggerane, og vi vil jobbe aktivt for...

- å få meir førebyggjande arbeid retta mot rus og psykisk helse inn i skulen og i fritida.
- trygge rammer for barn og unge gjennom faste møtepunkt og vaksenpersonar
- lavterskeltilbod og møteplassar for alle.
- trygge og attraktive arbeidsplassar som sikrar rekruttering og stabilitet innan helse og omsorgsyрка.
- tilbod om omsorgsbustader på Julsundet.

NÆRINGSSATSING OG -UTVIKLING

Vi i Aukra Senterparti satsar på utvikling i eigen kommune, og støttar opp om eit framoverretta næringsliv ved...

- å fremme og støtte opp om hydrogensatsinga i Aukra.
- å legge til rette for tilstrekkeleg næringsareal for nyetablering og utvikling gjennom rullering av kommuneplanen sin arealdel.
- å støtte opp om nyetableringar gjennom støtteordningar og aktiv bruk.
- naturbasert reiseliv tufta på lokale fortrinn gjennom privat og offentleg samarbeid.

BULYST OG BLILYST

Vi i Aukra Senterparti vil arbeide for at Aukra er ein stad du vil bu, besøke og vere, og vil sjå til at vi...

- har likeverdige skule- og barnehagetilbod av høg kvalitet.
- legg til rette for utvikling av attraktive bustadtomter kor folk vil busette seg.
- har levande sentrum på både Gossen og Julsundet.
- støttar opp om eit allsidig kulturtilbod for alle, mellom anna gjennom støtte til kontantkassa.
- støttar opp om fleire og betre idrett- og aktivitetsanlegg; ny Aukrahall, pumtrack-bane på Julsundet og Gossen og motorsportanlegg i Løvika.
- styrkar rammevilkåra for frivilligheita, og stimulerer til samarbeid mellom frivillig og offentlig sektor.

TRYGG MAT OG GODE KLIMALØYSINGAR

Vi i Aukra Senterparti står for ambisiøse og oppnåelege klimaløysingar, og vil sikre...

- bærekraftig utvikling gjennom aktiv arealforvaltning.
- gjennomføring og vidareføring av tiltak i tråd med Aukra kommune sin Klima- og miljøplan 2030.
- vedlikehald av kulturlandskapet gjennom tilskotsordningar.
- lokal matproduksjon gjennom vidareføring av stimuleringsfond for landbruk.